

## Fellesuttale til sak 201201010 frå Voss Kajakklubb, Noregs Padleforbund og Ekstremsportveko.

**Voss Kajakklubb** (918544372) er hovudinteresseorganisasjon for kajakpadlarar i indre Hordaland, og er eit idrettslag tilknytt Norges Padleforbund. Dei 215 medlemene våre driv med friluftsliv og breiddeidrett, samt konkurranse og elitesatsing. Voss Kajakklubb er også deleigar av stiftinga Ekstremsportveko som driv Ekstremsportveko, verdas største ekstremsportfestival.

**Stiftinga Ekstremsportveko** (984522843) står for Ekstremsportveko, ein ekstremsportfestival eigd av fire idrettslag på Voss. Den trekkjer årleg til seg kring 1500 utøvarar frå meir enn 50 nasjonar. Det er 20 sportar på programmet og ca. 25 000 besøkande til dei ulike arrangementa. Ekstremsportveko har gjeve Voss ei solid merkevare innan reiseliv, og sett Voss på verdskartet. Mykje på grunn av eksponering i nasjonale og internasjonale media. I 2022 står festivalen som arrangør av verdsmeisterskapen i elvepadling. Dette har aldri blitt arrangert i Noreg før. Voss og «Veko» har fått arrangørrolla for eit så stort arrangement fordi me har eit stort lokalt elvepadlemiljø, god arrangørkompetanse og elvar i verdsklasse, kjend over heila verda. Ekstremsportveko sin visjon er å vera verdas beste ekstremsportarrangement. Ein av dei viktigaste suksessfaktorane til «Veko» er tilgang på natur der ein kan utøva ekstremsport.

**Norges Padleforbund** (971164050) er sær-idrettsforbundet til norsk padlesport, og organiserer landets kajakpadlarar. Padleforbundet skal mellom anna arbeide for rammevilkåra for dei 22.518 medlemene (2019), noko som inneber å verne om viktige naturområder.

Elvepadling vert gradert frå 1-6 der 1 er flatt vatn, og 6 er rekna som grensa for kva som er farbart. Graderinga vil i samspel med røynsla og evnene til den som padlar, avgjere opplevinga, og det er slik at jo flinkare ein er jo høgare gradering søker ein for dei gode padleopplevingane<sup>1</sup>. Vanskegraden aukar gjerne med vassføringa, og er såleis med på å bestemme opplevinga.

Teigdalselva er ei av dei mest kjende elvene for elvepadling på høgt nivå. Den er omtala i fleire guidebøker utgjeve på ulike språk<sup>2</sup>. Elva er også avbilda i ei ukjend antal internasjonale tidsskrift for padling, filmar og i marknadsføringsmateriell. Elva har i hovudsak tre seksjonar som eignar seg for padling. Den mest nytta og kjende seksjonen går frå geithuset som ligg om lag 400 meter oppstrøms for Bjørndalsbekken, til Kråkefossen, og er gardert til 5. Denne seksjonen inneheld fleire fossar og store stryk som er særst godt eigna for store opplevingar for elvepadlarar på eit høgt nivå. Etter Kråkefossen følgjer ein kilometer med stryk gradert til 4 før ein får ein lengre seksjon der elva er på grad 1-2. Desse seksjonane er per i dag ikkje godt kjend, og følgjeleg lite nytta. Dei siste tre

---

<sup>1</sup> Sjø ma. Nesheim m.fl., (2018) og Zinke m.fl. (2018)

<sup>2</sup> Sjø: Bjørke (2008), Klatt og Obsommer (2003), Nossum (2021)

kilometerane ned til Evangervatnet er eit strekke som varierer mellom grad 3 og 4 og er nytta av padlarar på fleire nivå.



*Kråkefossen i Teigdalselva avbilda i ein Tsjekkisk kalender. Foto: David Sodomka.*

For alle seksjonane i Teigdalselva treng ein stor tilførsel av vatn frå sideelver og bekkar som renn inn i elva nedstraums Volavatnet. Difor nyttar ein Teigdalselva når det, under regn og snøsmelting, er relativt høge vassføringar i Vossaområdet. Målaren på Mestad har ikkje vore tilgjengeleg lenge nok til at miljøet er heilt sikker på kva som er det ideelle vassføringsintervallet her, men det er rimeleg å anslå at padling i dei ulike strekka er fint mellom 15 og 50m<sup>3</sup>/s på Mestad, avhengig av kva seksjon ein padlar. I ein studie utført av forskarar frå NIVA og NTNU (Zinke m.fl., 2018) med mål om utvikle kunnskap relevant for vilkårsrevisjonar, er det konkludert med at padling er bra oppstraums Bjørndalsbekken på 8–15 m<sup>3</sup>/s, og ved Kråkefossen på 15–25 m<sup>3</sup>/s.

I Eksingedalen er det fleire store fossar som vert padla av svært erfarne padlarar, når vassføringa er høg. Desse finn ein mellom Nesheim og Flatekvål. Aktiviteten er her mindre enn i Teigdalselva, men dei store fossane er attraktive for mellom anna internasjonale padlarar som kjem for å lage film og bilete.

For Voss Kajakklub, Noregs Padleforbund og Ekstremsportveko er det viktig at vilkåra for elvepadling vert trygga gjennom vilkårsrevisjonen. Her er Teigdalselva av særleg stor betydning. Per i dag er det relativt få dagar i ein sesong der elva er padlebar, og desse er avhengige av høg vassføring i dei mange bekkane som kjem inn nedstraums Volavatnet.

Difor vil me i **første rekke** be om at det eventuelle krafttapet som følger av auka minstevassføring, endra manøvreringsreglement m.m. vert kompensert for utan å overføre vatn frå bekkar som er

viktige for å gje Teigdalselva jamlege «episodar» av god vassføring (omlag 20-40m<sup>3</sup>/s ved Mestad). Dette er eit tema som ikkje skal vere ein del av vilkårsrevisjonen, men som BKK sjølv tek opp i revisjonsdokumentet i pkt 10. Me vil minne om at det i 2019 vart gjeve løyve til å auke kraftproduksjonen ved Evanger med 84GWh, ved å overføre m.a. Tverrelva til Evanger kraftverk, noko som er eit monnaleg tap for padlesporten. Vidare minner me om at NVE sjølv omtalar oppgraderingar og moderniseringar som viktige tiltak for å unngå krafttap ved vilkårsrevisjonar, ikkje utvidingar. Me tolkar dette som at direktoratet ikkje bør prioritere å gje løyve til utvidingar som vil gå på bekostning av tilhøva for natur og friluftsliv.


**I andre rekke** ynskjer dei tre høyringspartane at det vert teke inn eit nytt vilkår i konsesjonen for Evanger kraftverk, der det vert opna for at det i samråd med BKK kan sleppast av vatn tilsvarande 15-20m<sup>3</sup>/s ved Kråkefossen, i fem timar ein til to dagar i året. Dette for å kunne gjere kajakkdestinasjonen Voss endå meir attraktiv for dei mange tilreisande som kjem i samband med Ekstremsportveko. Festivalen går føre seg i ein periode då det nokre år er god vassføring i elva, medan det andre år er for tørt. Eit slikt tiltak vil kunne vere ein god test på korleis friluftslivs-omsyn kan ivaretakast ved vilkårsrevisjonar, og bør bygge på grundig førearbeid med alle berørte partar. Tryggleiksansvar bør avklarast, og det er svært viktig for oss at eit slikt tiltak berre vert teke inn dersom det ikkje kjem i konflikt med andre naturomsyn. Slik som omsynet til aure-, eller laksebestanden.

Å sikre god vassføring i Teigdalselva vil ha ein stor verdi for elvesport og moglegheit for å utvikla det unike potensialet vi sit på som kajakkdestinasjon. Viktigast av alt er å behalde ein form for naturleg variasjon i vassføringa som gjer at elva kan nyttast og nytast i sin rike variasjon. Å planlegge slepp av vatn for padleaktivitet er eit potensiale me meiner det bør vurderast i vilkårsrevisjonar.

Voss Kajakkklubb  
Silje Skorve Paulsen

Ekstremsportveko  
Kjetil Kriken

Norges Padleforbund  
Sven Anderssen



## Referansar

Bjørke, Ø. (2008). *Elvepadling på Voss*.

Klatt, J., og Obsommer, O. (2003). *The Whitewater Guide. Der Wildwasserführer*. Köln: La Ola Verlag.

Nesheim, I., Sundnes, F., og Barkved, L. (2018), *Hvordan kan regulerte vassdrag tilrettelegges for flerbruk? Et studie av vassdragsfunksjoner og brukerpreferanser*. *Vann* 53 (2)., ss. 181-191.

Nossum, T. *Norwegian Whitewater*. Hentet fra Western Norway:

<http://web.archive.org/web/20131211072312/http://norww.com/Western%20Norway%2010621.pdf>. Lasta ned: 01.11.2021.

Zinke, P., Sandvik, D., Nesheim, I., og Seifert-Dähnn, I. (2018). *Comparing Three Approaches to Estimating*. *Water* 10, no. 12: 1761. <https://doi.org/10.3390/w10121761>